

Elevar og fagval i vidaregåande opplæring 2023–24

Talet på elevar som vel yrkesfagelig studieretning i vidaregåande skole har auka jamt og trutt, og det er no like mange som vel yrkesfag og studiespesialisering. Det er framleis store kjønnsforskjellar når det gjeld val av utdanningsprogram. Talet på elevar som tek samisk som andrespråk har auka med nesten 30 prosent frå fjoråret.

STATISTIKK | Sist endret: 06.02.2024

Fleire tal

Elevar sine fagval i vidaregåande

Elevtal i vidaregåande

Hovudfunn

- Halvparten av elevane på vg1 starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.
- Det er ein nedgang i elevar på studieførebuande som vel programområdet realfag.
- Det er framleis store kjønnskilnader i val av utdanningsprogram. Bygg- og anleggsteknikk og elektro og datateknologi har over 90 prosent gutar, mens frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign har over 90 prosent jenter.
- Talet på elevar som tek samisk som andrespråk har auka med nesten 30 prosent frå fjoråret, medan talet på elevar som tek samisk som førstespråk er stabil.


Elevane er fordelt likt mellom studieretningane

Det er i overkant av 186 000 elevar i vidaregåande skolar per 1. oktober 2023. Desse elevane fordeler seg på 419 skolar. Talet på elevar og skolar endrar seg lite frå året

før.

Halvparten av elevane som starta på vg1 på ein vidaregåande skole hausten 2023, starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Av figuren nedanfor ser vi at delen på yrkesfag har auka gradvis i perioden 2014–2024.

Fordeling av elevar på vg1 etter studieretning



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
Studieførebuande	54%	54%	53%	53%	52%	51%	51%	51%
Yrkesfag	46%	46%	47%	47%	48%	49%	49%	49%


Studiespesialisering er det største av alle utdanningsprogramma med 37 prosent av elevane på vg1. Det tilsvara nærmare 3 av 4 elevar på studieførebuande utdanningsprogram. Helse- og oppvekstfag er det største yrkesfaglege

utdanningsprogrammet, med 12 prosent av alle elevar på vg1. Blant dei som starta på eit yrkesfagleg utdanningsprogram, starta 24 prosent på helse- og oppvekstfag.

Stabilt elevtal på dei fleste yrkesfaglege program

Talet på elevar held seg stabilt på dei fleste yrkesfaglege utdanningsprogram. Unntaka er helse- og oppvekstfag, og teknologi og industrifag. Det var i mange år ein auke i talet på elevar på helse- og oppvekstfag, men frå 2019–2020 har det vore ein nedgang. Teknologi og industrifag har derimot auka jamt sidan 2018-2019.

Elevtal på dei fire største utdanningsprogramma på yrkesfag, vg1



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2014- 15	2015- 16	2016- 17	2017- 18	2018- 19	2019- 20	2020- 21	20 22
Bygg- og anleggsteknikk	4 199	4 336	4 445	4 490	4 756	4 680	4 792	4 8
Elektro og datateknologi	5 024	5 117	5 012	4 717	4 675	4 684	4 711	4 5
Helse- og oppvekstfag	8 258	8 902	9 361	9 686	10 098	10 188	10 139	9 6
Teknologi- og industrifag	6 807	6 564	6 113	5 667	5 985	6 349	6 449	6 5

Færre elever på yrkesfag vel påbygging

Yrkesfaglege elever kan ta eit år med påbygging for å oppnå studiekompetanse. Mange av elevane som startar på eit yrkesfagleg utdanningsprogram ender derfor opp med studiekompetanse. Elevtalet på påbygging har hatt ein gradvis nedgang dei siste tre åra. Skoleåret 2023–2024 gjekk 10 400 elever på påbygging til generell studiekompetanse, som er ein nedgang på 200 frå året før. Dei siste åra har i overkant av 20 prosent av elevane på yrkesfag valt å ta påbygging etter vg2.


Stabilt elevtal på dei fleste studieførebuande program

Sjølv om delen som vel studieførebuande retning har gått ned dei siste åra, så har fordelinga på dei ulike studieførebuande programma stort sett halde seg stabil. Unntaket er medier og kommunikasjon, som har hatt ein gradvis nedgang i elevtal sidan det vart eit studieførebuande utdanningsprogram i skoleåret 2016-2017.

Språk, samfunnsfag og økonomi er mest populært på studiespesialiserande

På vg2 vel elevane kva for programområde dei vil ta innanfor utdanningsprogrammet dei går på. Innan studiespesialiserande utdanningsprogram vel 63 prosent av elevane programområdet språk, samfunnsfag og økonomi. 35 prosent vel programområdet realfag. Delen elever som vel språk, samfunnsfag og økonomi har auka dei siste tre åra. Dei resterande 2 prosentane valde ikkje programområde i vg2 fordi dei går på ein variant av studiespesialisering på enkelte privatskolar.

Fordeling av elevar på programområde, studiespesialisering vg2



	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Realfag	44%	42%	41%	41%	42%	42%	42%	40%	37%	35%
Språk, samfunnsfag og økonomi	54%	55%	56%	56%	55%	56%	56%	58%	60%	63%


Nedgang i elevtal på realfag

Færre elevar vel realfag som program- og valfag. Særleg har talet på elevar som tek kjemi, biologi og fysikk gått mykje ned dei siste tre åra. Kjemi har til dømes gått frå 14 100 elevar i skoleåret 2020-2021, til 11 700 elevar i år.

Elevar på studieførebuande må velje eit matematikkfag på vg2. Det har vore ein tydeleg nedgang i elevar som vel matematikk for samfunnsfag(S1) sidan 2021-2022. Samstundes har det vore ein gradvis auke i elevtalet på praktisk matematikk. Desse

tendensane begynte i skoleåret da LK20 tredde i kraft for vg2. At det er færre elevar som vel S1 kan ha ein samanheng med at det har vore endringar i sjølve faget.

Elevtal på matematikkfag, vg2



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
2P	17 916	17 960	18 720	19 765	20 702
R1	7 953	8 775	8 252	8 572	9 127
S1	8 233	9 206	7 066	4 938	3 665


Helsearbeidarfag er det største programområdet på yrkesfag

Om lag 3 700 elevar går på helsearbeidarfag på vg2, det største programområdet innanfor yrkesfaga. Andre populære programområde blant yrkesfaga er: Elenergi og ekom, barne- og ungdomsarbeidarfag, tømrrer, industriteknologi, og sal og reiseliv.

Kjønntypiske utdanningsval i vidaregåande opplæring

Det er store skilnader i val av programområde for jenter og gutar, sær i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Bygg- og anleggsteknikk og elektro og datateknologi har høvesvis 90 og 92 prosent gutar. Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign har 93 prosent jenter. Naturbruk, restaurant- og matfag, og sal, service og reiseliv er dei utdanningsprogramma som har minst forskjellar på kjønn.

Kjønnsfordeling på yrkesfaglege utdanningsprogram på vg1, 2023-2024




Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	Gutar	Jenter
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	7%	93%
Helse- og oppvekstfag	14%	86%
Handverk, design og produktutvikling	27%	73%
Naturbruk	49%	51%
Restaurant- og matfag	51%	49%
Sal, service og reiseliv	52%	48%
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	83%	17%
Teknologi- og industrifag	84%	16%
Bygg- og anleggsteknikk	90%	10%
Elektro og datateknologi	92%	8%

Auke i talet på elevar som tek samisk som andrespråk

Det er fleire elevar som tek samisk som andrespråk enn samisk som førstespråk. Talet på dei som tek samisk som førstespråk held seg stabil, medan talet på dei som tek samisk som andrespråk har auka med nesten 100 frå skoleåret 2022-2023, ein auke på nesten 30 prosent.

Elevtal på samisk som førstespråk og samisk som andrespråk



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Samisk som førstespråk	203	213	204	209	205	178	202	199	21
Samisk som andrespråk	243	247	267	242	273	264	325	318	29